

Soknepresten i Øygarden



Dato: 27. februar 2007

Soknepresten si Årsmelding 2006

Kjære vener!

Nåde vere med dykk og fred frå Gud vår Far og Herren Jesus Kristus!

Kommentarar til Årsstatistikken.

Som i fjor vil eg kommentere årsstatistikken. Kommentaren vil måtte likne på det eg sa i fjor. Men statistikken syner auke på viktige felt. Gudstenesteframmøtet har gått opp frå 7345 i 2005 til 8768 i fjor. Endå viktigare er at talet på nattverdgjester har gått opp frå 1892 til 2127. I begge tilfelle er det tale om tal for begge sokn i Øygarden Prestegjeld under ett.

Sett i litt lengre perspektiv er me nesten attende til dei 8844 i 2003. Men då var talet på nattverdgjester lågare. "Nattverdprosenten" var då 19%, i 2004 23%, i 2005 25%, og siste året 24%. Det var nattverd på 25 av 34 gudstenester i Blomvåg kyrkje og 21 av 30 i Hjelm kyrkje.

Orda mine i 2005 om store utfordringar rundt kyrkjelege handlingar kan og nyttast no. Vigselstalet er det lågaste på mange år, med 7 i 2006 mot 11 i 2005. Det er og færre dåpshandlingar, no 39, mot "boomen" på 63 i 2005. På gravferdssida er det stor auke, frå 28 i 2004 til 39 i 2005, og 47 i 2006. Mellom november 2005 og same månad i 2006 var talet 52. Konfirmanttalet er på nytt opp, heile 63 vart konfirmert i fjor.

Som i fjor har sokneprest og medhjelparar har brukt mykje tid både i planlegging av og gjennomføring av gudstenester og kyrkjelege handlingar, og eg vonar tala ber bod om to kyrkjelydar kor folk framleis ønskjer å koma til samlingane om Ordet og Bordet.

Soknepresten gjer stor innsats i møte med dei som skal bera borna sine til dåpen, gifta seg og dei som er sørgjande rundt gravferdene. Kyrkjestaben møter og desse gruppene på fleire arenaer på ein god måte. T.d er kyrkjelydspedagogen og teamet avgjerande for ei god oppfølging av dåpsborna og konfirmantane. Det friviljuge arbeidet reknar vi og med i same biletet.

Men utfordringa er å vere tilstades med Evangeliet i kvardagen. Og diakonien er nok vårt svakaste punkt.

Vi må be om at Herren må reisa opp mange som kan gjera gode gjerningar i det stille som naboar og omsorgspersonar, og kan leia einskildmenneske til gudsteneste og bedehus, ja, aller mest til Kristus.

Kyrkjesituasjonen.

I fjor sa eg at den alvorlege situasjonen i Den norske kyrkja har ført mange truande inn i sorg og rådløyse. Eg kunne og lagt til: Kyrkja er i oppløysing. Og m.a. av same grunn registrerer vi og lengt etter ei sannare kyrkje og kyrkjelyd hjå oss.

I fjor sa eg og: "Om ikkje Herren grip inn med vekkjing og ein ny kurs vert resultatet, må vi óg venta at denne utviklinga vil gripa om seg. Her er ikkje rom for manglande røyndomsorientering og snillisme, men til at vi snarast mogleg innser situasjonen, og innretter oss deretter."

Situasjonen er meir alvorleg no enn på same tid i fjor. Vi må rekne med at komande kyrkjemøte gjer vedtak om ny praksis i homofilisaka.

Etter ei grundig handsaming i dei kyrkjelege råda og ei høyring med dei friviljuge kristne organisasjonane våren 2006, og utførelg drøfting med biskopen på visitasen 13-17.september(Tema: "Klar til forhaling") sto sokneprest og rådsleiarar fram med ei erklæring etter Visitagudstenesta siste visitasdagen:

Org.nr.: 874 741 582
Adresse Kontor: Boks 144, 5331 Rong
Telefon Kontor: +47 56 38 22 44
Mobil: +47 950 67890
Faks: +47 56 38 22 41
Epost: sokneprest@kyrkja.net

I samråd med biskopen er vårt mål for det vidare arbeidet å be og arbeide for:

- 1. At menneske i Øygarden vert kalla til tru på og lydnad mot Jesus Kristus, slik at dei med oss kan verta frelst og nå Himmelen.*
- 2. At kristen diakoni og kjærleik kan fylle prestegjeldet si verksemd.*
- 3. Godt samvirke mellom embete og råd.*
- 4. Gode relasjonar mellom den offisielle kyrkja og det friviljuge kristne arbeidet.*
- 5. Gode og bibeltru prestar til Øygarden prestegjeld og i framtida.*
- 6. Eit bibelsk basert bispetilsyn for Øygarden prestegjeld, andre kyrkjelege einingar og einskildpersonar som står i den same klassiske kyrkjetradisjonen som oss.*
- 7. Eit nytt kyrkjeleg rom, i lojalitet mot vårt evangelisk-lutherske trusgrunnlag i Skrift og Vedkjenning, gjerne på økumenisk og internasjonal basis. Kristus mellom oss, håpet om herlegdom! (Kol.1,27b)”*

De vert difor no inviterte til å diskutere på årsmøtet kva soknet og prestegjeldet bør foreta seg vidare i ”forhalingsprosessen” og i kyrkesituasjonen i det heile.

Den Store Lovsongen.

Eg viser til tidlegare Årsmeldingar og Årsmøte. Forsøket med ”Den Store Lovsongen”-Øygardsliturgien er iverksett ut frå høvet som er gjeve sentralt til å nytta ”fleksibel bruk av gudstenesteboka” med sikte på ny Høgmesseliturgi i 2010.

Det er viktig at prestegjeldet fastheld klassisk kristen tru og i samband med den komande gudstenesterevisjonen. Eg viser til nylege avisoppslag om t.d. syndsvedkjenninga og dåpsliturgien.

På bispevisitasen vart Øygardsliturgien autorisert av biskopen til bruk i prestegjeldet ut dette kyrkjeåret.

Eg vil ta oppatt kva eg sa i fjor: ”Det er gjort eit stort arbeid for å få til ein sunn blanding mellom den tradisjonelle norske gudstenesta, bedehus, søndagsskole, karismatikk og gode økumeniske bidrag.

Gjennomgåande trur eg det er ei sams forståing at gudstenesteprojektet har vore til glede og framgong for kyrkjelydane i Øygarden. Med bare små endringar frå den tradisjonelle gudstenesta har samlingane i kyrkja vorte meir folkelege, har fått betre oppslutning, fleire born, ungdomar og vaksne har teke del, og samstundes er kontakten med den kyrkjelege tradisjonen (den klassiske norske kyrkja, reformasjonen og oldkyrkja) ivareteken. Verdfulle innspel har òg kome frå kyrkjelydane.”

Mitt inntrykk er at liturgien, som i det store og heile er bygd på ledd frå Altarboka av 1920 og Gudstenestebøkene 1992, har fått god mottaking i prestegjeldet.

Det har vore ønskje om ein kortare nattverdliturgi. Dette ønsket har eg kome i møte.

De vert difor no inviterte til å diskutere på årsmøtet kva soknet og prestegjeldet bør foreta seg vidare i ”gudstenesteprosessen”.

Til sist eit ord frå Apostelen Paulus med Bibelomstjinga av 2005 sine formuleringar. (Dette er same Ordet som eg møtte dei kyrkjelege råda med i august 2002, og som avslutta prestegjeldet si erklæring 17.september 2006.)

”(Kyrkja si)tenar har eg vorte fordi Gud gav meg oppgåva som forvaltar hos dykk: å fullføra tenesta med Guds ord, det mysteriet som har vore løynt gjennom alle tider og for alle ætter, men som no er openberra for hans heilage. Gud ville kunngjera for dei kor rikt på herlegdom dette mysteriet er for folkeslaga: Kristus er mellom dykk, håpet om herlegdomen! Det er han vi forkynner. Og vi rettleier og underviser alle menneske i den fulle visdom, så vi kan føra kvart menneske fram til mognad i Kristus.”(Kol.1,25b-28)

Med venleg helsing

Dykkar i Kristus

Svenn Martinsen

Org.nr.: 874 741 582

Adresse Kontor:Boks 144, 5331 Rong

Telefon Kontor: +47 56 38 22 44

Mobil: +47 950 67890

Faks: +47 56 38 22 41

Epost: sokneprest@kyrkja.net

sokneprest

Org.nr.: 874 741 582
Adresse Kontor: Boks 144, 5331 Rong
Telefon Kontor: +47 56 38 22 44
Mobil: +47 950 67890
Faks: +47 56 38 22 41
Epost: sokneprest@kyrkja.net